



Arkivnr: 2018/16480-73
Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|------------------------------|--------|------------|
| Fylkeseldrerådet i Hordaland | | 11.04.2019 |

Høyrings svar - forslag til endring av forskrift om stønad til dekking av utgifter til fysioterapi m.m.

Samandrag

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i forskrift av 25. september 2018 nr. 1465 om stønad til dekking av utgifter til fysioterapi m.m. Høyringsfristen er 01.05.19.

Bakgrunnen for forslaget er å forenkle og oppdatere forskrifta i tråd med større endringar i rammevilkåra for stønadsordninga dei seinare år. I tillegg vert det føreslått å fjerne ei opplisting av ulike behandlingsformer som det ytast stønad til, ettersom desse ikkje er oppdaterte i tråd med utviklinga i fysioterapifaget.

I møtet 14.03.19, i PS 31/19, vedtok fylkeseldrerådet følgjande: «Fylkeseldrerådet skriv eit forslag til høyrings svar som vert handsama i rådsmøtet 11.04.19.»

Arbeidsutvalet har no utarbeida forslag til høyrings svar. Dette ligg vedlagt.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyrings svaret slik det ligg føre.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.